



Notat

Dato: 03.07.2018
Arkivsak: 2015/8849-132
Saksbehandlar: tonsols

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging selskapskontroll arkivplikt i selskap fylkeskommunen eig - pkt 1b

Bakgrunn

Med bakgrunn i sak handsama i kontrollutvalet 12.mai 2018 om selskapskontroll av arkivplikt i selskap fylkeskommunen eig, kjem fylkesrådmannen her med ein status for arbeidet med oppfølging av journalføring i selskapa.

Status

Retningslinene, som er vedteke av fylkesutvalet 1.februar 2018 og tidlegare handsama i kontrollutvalet, er oversendt selskapa med oppmoding om attendemelding med dokumentasjon på kva vurderingar selskapet (a) har gjort i samband med lovverket knytt til innsyn og journalføring.

Vi har i skrivande stund ikkje motteke attendemelding frå alle selskapa og vil ta ein ny runde for å hente inn denne dokumentasjonen i august-september.

Kontrollutvalet vil få ein samla oversikt over vurderingane ultimo september.

Nokre av selskapa omtala i selskapskontrollrapporten er i mellomtida vorte solgt, vi ber kontrollutvalet notere seg dette. Dei selskapa som er solgt er alle bompengeselskapa med unntak av Ferde AS.

Elles syner vi til tidlegare orienteringar om dette arbeidet.